

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
M10, TI-&01

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 25.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/21	Alver formannskap	02.12.2021
158/21	Alver kommunestyre	16.12.2021

Avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner tilleggsavtale 2 mellom Alver kommune og Equinor Refining DA slik den ligg føre»

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 112/21 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner tilleggsavtale 2 mellom Alver kommune og Equinor Refining DA slik den ligg føre»

Alver kommunestyre 16.12.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke med 45 røyster A. Sylta var ikkje tilstades under røystringa.

KO- 158/21 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner tilleggsavtale 2 mellom Alver kommune og Equinor Refining DA slik den ligg føre»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I samband med investeringsprosjektet utbygging av vassforsyning til Mongstad skal det inngåast avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA om utbygging av dei konsesjonsgjevne vasskjeldene Eidsvatn, Austevatn, Tjukketlevatn og Langavatn, for overføring til hovedkjelda for vassforsyninga til Mongstad, Sjursetvatn. Avtalen har overskrifta *Tilleggsavtale 2-til avtale nr 4600003214 mellom Statoil ASA og Lindås kommune, dagsett 20.sept.2000, knytt til industrivassforsyninga til Mongstad.*

Etter at endeleg konsesjon vart gjeve Lindås kommune 08.mars-2016, har det vore ei rekke møter og drøftingar mellom kommunen og Equinor om fordeling av vassmengder og kostnader. Drøftingane enda i ein intensjonsavtale, dagsett 14.10.2021. Den 28. oktober 2021 vart Alver kommunestyre orientert om historikken og innhaldet i intensjonsavtalen.

Intensjonsavtalen dannar grunnlaget for avtalen som no ligg føre og som skal regulere ansvar og plikter mellom kommunen og Equinor i gjennomføringa av prosjektet.

Saksopplysninger:

I åra 2018 og 2019 bygde Lindås kommune ny pumpestasjon ved Sjursetvatn og ny overføringsleidning frå den til Litlås. Litlås er tilknytt eksisterande høgdebasseng for industrivatn. Utbygginga var basert på ein avtale mellom Lindås kommune og Statoil ASA, dagsett 20.juni 2015 (Tilleggsavtale 1, til avtale nr 4600003214). Avtalen gjev kommunen rett til uttak av ei viss mengde vatn frå industrivass-anlegget på Litlås til det nye renseanlegget for drikkevatn, som i same tidsrom (2018-2019) vart bygt på Litlås. Retten til vassuttaket til renseanlegget har avgrensingar som ikkje stettar kravet til renseanlegget som reservevassforsyning for drikkevatn. Dette reservevassanlegget skal forsyne Mongstad, nordre del av Lindåsbygda, Austrheim kommune og no i Alver også nordre del av tidlegare Radøy kommune.

Det er difor naudsynt for Alver kommune å setje i gang del av utbygginga frå Eidsvatn og Austevatn, nevnt som fase 1 og 2 i avtalen, for å sikra seg nok vatn til renseanlegget på Litlås. Slik kan ein sikre den kapasiteten som reservevassforsyninga må ha.

Avtalen går ut på at kommunen kjøper 200 m3/t av totalkapasiteten berekna til 500 m3/t frå utbygging av fase 1 og 2, Eidsvatn-Austevatn. Dei resterande 300 m3/t sikrar Equinor seg til bruk på Mongstad. Avtalen skildrar deling av kostnadene i høve kapasitetstala, dvs 40/60% av totale anleggskostnader.

Kostnadene som ligg føre i avtaledokumentet er estimerte summar inkl sum for uforutsette kostnader og usikkerheit. Tala er rettleiande i denne fasen. Prosjektet løysing vert lagt ut på anbod snarleg. Når prisane på arbeidet kjem inn vert delinga 40 % for Alver kommune og 60% for Equinor. Alver kommune står som byggherre for prosjektet. Equinor betalar kommunen etter fakturering i samsvar med avtalen.

Tilleggsavtale 2 er utforma i tråd med intensjonsavtalen, og er godkjent av Equinor slik den ligg føre som vedlegg til saka

Miljøkonsekvensar:

Anlegget og arbeida vert beskrive og utført i tråd med vilkåra i konsesjonen gitt av NVE. Konsesjonen skildrar tiltak ved naturinngrep, sikring av kulturminne og andre detaljerte pålegg. Natur-, kultur og landskapsverdiar er godt ivaretekte gjennom vilkåra.

Vedlegg i saken:

25.11.2021 Tilleggsavtale nr 2 Eq-Ak

1650068